

---

**Fra:** Knut Harald Frøland  
**Sendt:** mandag 1. juli 2019 11:35  
**Til:** Hilde-Lill Våge; Nina Fredriksen  
**Kopi:** Charlotte Hageberg  
**Emne:** «Ingeniørhytta» ein internasjonalt turistmagnet

Hei,

Etter gode innspel frå Nina og andre har eg satt opp litt informasjon om «tiltaket». Sjå på dette så tar me eit møte om vegen vidare☺

Mvh  
Knut Harald

## «Ingeniørhytta» ein internasjonalt turistmagnet

### Reisemålsutvikling

Ingeniørhytta er ein råvare av internasjonalt format. Det er spektakulært og unikt. Den vil kunne fange moderne turister sine krav til høge reiseopplevelser i vestlandsk natur. Samnanger kommune meiner at *Ingeniørhytta* og området rundt kan utviklast til ein heilt spesiell reiselivs destinasjon. Målsettinga er å skape eit heilskapleg opplevingsprodukt- eit felles bilde av råvara- der ingeniørhytta vil vere hovudattraksjonen i ein kjede av fleire delopplevingar. (Me treng eit betre bilete enn dette- WOW-faktor...)



## Litt om krafthistoria i Samnangervassdraget

Samnangervassdraget er spesielt rikt på kulturminner frå kraftutbygging i vassdraget som starta opp ved inngangen til 1900-talet. Kraftstasjonen på Frøland var den første store kraftstasjon som leverte straum til Bergen då den opna i 1912, og vart såleis ein viktig bidragsyter til framveksten av eit nytt og moderne samfunn. Like frå Tyssekaien til Svartavatnet kan ein sjå korleis kraftutbyggingen endra lokalsamfunnet, noko som truleg har vore med å definere identiteten til samningane. Mykje som følgje av kraftutbygginga i fekk samningane ein særeigen kultur for anleggsarbeid.

I samheng med anleggsarbeider med å demme opp Svartavatnet i perioden 1915-1923 vart det mellom anna satt opp ei «hytte» til Ingeniørane på anlegget. Hytta fekk det beskrivande namnet «Ingeniørhytta» og den vart bygd på ein eineståande utsiktstomt om lag 680 m over havet.

Hytta framstår som autentisk med korleis den vart bygd i 1915. I tillegg til Ingeniørhytta er det og ei arbeiderbrakke, ei anleggssmie og eit lite kraftverk som vart støypt inni fjellet. Dette kraftverket skulle gje straum til tre store steinkraner, to sementblanderier med høge torn, taubanestasjon, luftkompressoranelegg og ymse anna.

Tor Wold i Samnanger historielag har laga filmen "Straum til bergen" om kraftutbygginga i Samnanger (klipp frå filmen: <https://www.youtube.com/watch?v=Otljyst5F6s>). I denne filmen er det mellom anna ein sekvens kor samningane Vidar Trengreid og Bjarne Kleivane set i "Ingeniørhytta" og fortel historiar frå kraftutbygginga.

## Om utvikling av Ingeniørhytta til reiselivsdestinasjon

Samtidig som me gjennom å ta vare Ingeniørhytta ønskjer å løfte fram krafthistorien i reiselivssamheng er det viktig at me ivertare hensyn til miljø, natur og lokalsamfunnet. Reiselivsutvikling er et systematisk arbeid for helhetlig utvikling og strategiske valg av et sted/reisemål/destinasjon, basert på turistenes ønsker og behov, de fastboendes ønsker og behov, bærekraftige helhetsperspektiv for utvikling, samt reisemålet forutsetninger og muligheter.

Kommunen si rolle vil vere som oppdragsgjevar og intiviativtaker. I samråd med grunneigere vil vi så bestille/gjennomføre nødvendige tiltak og analyser som skal gje oss dei svara vi treng for å feste grepet om eit konkret prosjekt. Prosjektet vil krevje offentlege investeringar.

Kommunen vil først søke ekstern kompetanse, samt etablere samarbeidspartnare, blant anna med:

- Reiselivsaktører på Vestlandet
- Innovasjon Norge
- Statens vegvesen
- [Den Norske Turistforening \(DNT\)](#)
- Kvam kommune

### **Samnanger som reiselivsdestinasjon**

I samheng med prosjekt «Revitalisering av Tysse» har Samnanger kommune satt i gang eit prosjekt som har til formål å få tilbake eit yrande liv på den gamle industristaden Tysse. Med utgangspunkt på Tysse ønskjer me å blåse liv i attraksjonar i Samnanger som kan gje nytt liv til reiselivet i kommunen. Krafthistorien i Samnangervassdraget startar ved Tyssekaien som vart bygd opp tidleg på 1900-talet ved utbyggong av kraftanlegg i Samnangervassdraget. Frå Tyssekaien og lika til Svartavatnet er det fleire vitnemål på den store lokale innsatsen som vart lagt ned for at Bergen sentrum skulle få straum. Kraftstasjonen på Frøland og I grøndalen er unike bygningar som kan ha stor verdi i reiselivssamanheng. Ved den nedlagte barneskulen på Frøland har Antond Drønen laga til eit kulturhistorisk senter kor mellom anna kan sjå flotte bileter frå krafthistorien samt sjå filmen «kraft til bergen» som Tor Wold i samnanger historielag har laga. Mellom Frøland kraftstasjon og Grønsdal kraftstasjon har Bente Getz til på Gulleiksgården. Denne gården er ein oppleving i seg sjølv og ho har og krafthistorie og anleggsarbeid som ein raud tråd i sin forretningsdrift. Vegen til Svartavatnet er og ei oppleving i seg sjølv. Ikkje all vasskraft i Samnangervassdraget er bygd ut og i Eikedalen finn me Fossen bratte. Her ser ein vasskraften i fri og spektakulær natur. Også dette området har Samnanger kommune starta opp eit reiselivsprosjekt og me ser også dette prosjektet i samheng med «revitalisering av Tysse» og utvikling av reiselivet i Samnanger.

Regjeringa har nyleg bestemt at reiseliv basert på kultur bør vere eit av satsingsområda for Norge framover, og i lys av dette mener vi at utvikling av Ingeniørhytta med området rundt- og langst heile vassdraget- vil vere spesielt interessant.

Ein av Norges mest trafikkerte turistvegar – FV7 – går gjennom Samnanger. Turiststraumen gjennom Samnanger er difor spesielt stor. I tillegg har me Samnangerfjorden og me arbeider for å etablere fast båt rute mellom Osøyri og Tyssekaien. Med ein kjøreavstand på under 1 time til Bergen sentrum, og nabokommunar kring Samnanger; kan området nåast av svært mange turistar på kort tid. Ei utvikling av området som heilheit vil difor gje betydeleg regionale effektar for reiselivet.

Tilbake til Ingeniørhytta ser me for oss at denne passer godt inn i eit lokalt reiseliv. Det er truleg få stader ein kan få oppleve krafthistorie slik ein kan i Samnanger. Området kan utviklast for reiselivet og ein ser for seg Kraftstasjonen på Frøland som den første delopplevinga i ein kjede av unike og spennande opplevingar «på ferden oppover». Og som alternativ til krafthistorien kan ein oppleve vasskraft i all sin ville natur ved Fossen bratte.

Eit reiselivsprosjekt som dette, med naturgitte konkurransefordeler og ein spennende krafthistorie, vil kunne levere unike opplevingar av høy kvalitet, som igjen vil kunne gje positive verknadar for kommunen. Å ta i bruk kommunen sine unike naturressursar til dette - i samspill med gode samarbeidspartnare- meiner vi er ei nødvendighet for å lykkjast med å skape lokale og framtidrette arbeidsplassar. Denne satsinga vil kunne gje store positive ringverknadar for Samnanger i eit stadutviklingsperspektiv.

### **Mogelege strategiske tiltak framover:**

1. Søknader om støtte til finansiering - gjennom søknader tar framdriftsplan og prosjektmandat form.

2. Modell for drift, forvaltning og bruk av «Ingeniørhytta»
3. Modell for å setje Ingeniørhytta inn i større reiselivssamanheng i Samnanger kommune
4. Modell for tilgang til vegen fra Kvitingen opp til Svartavatnet.
5. Modell for å setje Ingeniørhytta i autentisk god stand
6. Avtaler med grunneigarar og BKK om overtaking av hytta
7. Avtaler med grunneigarar om tilgang på vege mellom Kvitingen og Svartavatnet
8. Iversetting

*Kaibygging Tysse*



*Anton kulturhistoriske senter*

*Frøland kraftverk*



*Gulleiksgården*

*Grønsdal kraftverk*

*Ingeniørhytta ved Svartavatnet*



*Minikraftanlegget ved Svartavatnet*

*Smia ved Svartavatnet*

*Fossen bratte*

